

---

**Saksnr:** 2021/3584-5  
**Saksbehandler:** Ole Hallvard Harlem  
Dyrbekk  
**Dato:** 22.02.2021

---

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Presisering av vurderingsgrunnlag

Fylkesrådmannen har lagt fram sak 2021/3584-4: *Alternativ løysing for BT5 i Eidsvåg - privat planforslag frå Eidsvåg senter AS - Åsane bydel, Bergen kommune* for politisk handsaming i Hovudutval for samferdsel og mobilitet 17.02.2021 og Fylkesutvalet 02.03.2021.

I notatet «Svarnotat til saksutredning Fylkesrådmannen 2021/3584-4», datert 14.02.2021, legg Eidsvåg senter AS til grunn at fylkesrådmannen har basert sin sak på ein utdatert versjon av forslaget til Eidsvåg senter AS, datert 02.10.2020. Dette er ikkje riktig, men det har gjort fylkesrådmannen oppmerksom på at det ikkje kjem klart nok fram i saka at det er den siste versjonen, datert 25.01.2021, som ligg til grunn for fylkesrådmannen sine vurderingar. I del 2 i den politiske saka, kor forslaget til Eidsvåg senter AS vert omtalt, vert det vist til versjonen datert 02.10.2020, men denne har altså ikkje lagt til grunn for fylkesrådmannen sine vurderingar av kostnader, gjennomføring, risiko, framdrift med meir.

Følgeleg påverkar ikkje svarnotatet fylkesrådmannen sin vurdering i saka.